

## Orientering til føresette

### Journalføring

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har plikt til å føre journal med helseopplysningar. Journalføring blir gjort på bakgrunn av kva helsepersonell likar å notere, og på bakgrunn av kva dei ut i frå ei fagleg vurderingar finn nødvendig og hensiktsmessig. Journalen skal bidra til ei fagleg forsvarleg oppfølging av barnet/eleven. I sped- og småbarnsalderen, og så lenge det er naturleg, er de dei føresette som tar var på dei rettane barnet har som brukar av helsestasjon- og skulehelsetenesta.

### Innsynsrett

Føresette/eleven har som hovudregel rett til innsyn i alle opplysningar om barnet/eleven. De har også rett til kopi av desse opplysningane.

### SYSVAK

Alle vaksine som blir sett på ditt barn, vil bli registrert i det nasjonale vaksinasjonsregisteret kalla SYSVAK. Det er linka opp mot Helsenorge.no slik at du får oversikt over vaksinane som er sett.

Takkar du nei til barnevaksinasjonsprogrammet, vil dette og meldast inn til SYSVAK.

### PLO

Jordmor og helsesjukepleiar vil kommunisere med helsestasjonslege og fastlege via elektroniske meldingar i journalprogrammet vårt.

### Overføring av journal ved flytting/skulestart/bygge av skule

Hovudregelen er at journalen skal overførast ved flytting til ny helsestasjon eller skulehelsetenesta for å sikre fagleg forsvarleg oppfølging. Har de spørsmål i samband med oversending av journal, kan de ta dette opp med helsestasjonen eller skulehelsetenesta før flytting

### Barnevernet

Ved misstanke om omsorgssvikt, vold eller misshandling i heimen, er helsetenesta plikta gjennom lovverket at vi skal kontakte barnevernet.